

Introduksjon til kompetanseplan 2022 for medarbeidarane i Nav-kontora

Nav Vestland og Statsforvaltaren i Vestland

Målgruppe

Tilsette i Nav-kontora i Vestland som følgjer opp sosialtenestelova

Mål

Statsforvaltaren i Vestland og Nav Vestland har i tråd med styringsdokument utarbeidd ein felles kompetanseplan. Målet med planen er å bidra til at tilsette i kontora har tilstrekkeleg kunnskap til å løyse samfunnsoppdraget på ein god måte. På denne måten skal planen bidra til at innbyggjarane i Vestland får gode og forsvarlege tenester i tråd med Nav sitt samfunnsoppdrag og føremålsparagrafane i sosialtenestelova, arbeidsmarknadslova og Nav-lova.

Styringsdokument

- Mål og disponeringsbrev 2022 til Nav fylke frå Arbeids- og velferdsdirektoratet
- Styringsdokument 2022 frå Kommunal- og moderniseringsdepartementet til Statsforvaltaren i Vestland
- Kommunebrevet 2022 til alle landets kommunar frå Arbeids- og velferdsdirektoratet
- Samarbeidsavtalen av 30.04.2020 mellom Nav Vestland og Statsforvaltaren i Vestland
- Kompetansestrategien for Nav Vestland

Roller

Brukarar

Mottar tenester frå Nav. Kan ha behov for økonomisk sikring, råd og rettleiing, mellombels bustad, kvp-tiltak frå Nav, bistand til arbeid individuell plan og informasjon om rettar og plikter.

Tilsette i Nav

Er i første line og i samarbeidsallianse med brukarane. Skal ha kompetanse til å møte brukarane sine behov, og arbeide heilskapleg og førebyggjande.

Nav-leiarar

Har ansvar for at medarbeidarane har kompetanse som møter brukarane sine behov. Har ansvar for at Nav-kontoret til ei kvar tid har den kompetanse som kontoret treng for å utføre samfunnsoppdraget. Stortinget har bestemt at det enkelte Nav-kontor skal få auka handlingsfridom og myndigheit.

Den enkelte kommune

Den enkelte kommune er ansvarleg for kompetanse i sitt kontor, og skal sjå behov, kartlegge og sette i gang eller etterspørje kompetanseaukande tiltak. Har eit sjølvstendig ansvar for opplæring av kommunens personell i Nav, og det gjeld alle som yter og utfører oppgåver etter sosialtenestelova. Det kan også gjelde statlege tilsette i Nav, sjå sosialtenestelova paragraf 6.

Regionleiarar

Nav Vestland er delt inn i ni regionar med eigen regionleiar.

Nav Vestland

Har ansvar for dei statlege tenestene i kontora. Dei fasiliterer opplæringstiltak og har ansvar for kompetanseutvikling. Dei fasiliterer godkjente nettverk medrekna nettverk for rettleiing og dei tilbyr Lean-sertifisering. Dei tilbyr opplæring etter behov og for fylket ved regelendringar og likande. Nav Vestland har oppfølging av regionanes utviklingsavtaler.

Statsforvaltaren i Vestland

Statsforvaltaren gir råd og rettleiing til Nav-kontora om sosiale tenester og bidrar med kompetansehevande tiltak. Statsforvaltaren driv nettverk for økonomisk rådgjeving og kvalifiseringsprogrammet. Statsforvaltaren er klageinstans for vedtak etter sosialtenestelova og fører tilsyn med dei sosiale tenestene i kontora.

Arbeids- og velferdsdirektoratet

Er fagdirektoratet med fullmakt til å tolke sosialtenestelova, arbeidsmarknadslova og Nav-lova, også opp mot forvaltingslova. Ansvarleg for nasjonalt utviklingsarbeid. Deltar i regionale nettverk og i opplæring i regelverk generelt og etter behov.

Kompetanseplan 2022

Statsforvaltaren i Vestland sine bidrag:

Kvalifiseringsprogrammet

- Nettverkssamling digital 10.03.2022 og 08.09.2022
- Nettverkssamling i Bergen 02.06.2022 og 10.11.2022
- Nettverkssamling i Sogn og Fjordane 09.06.2022 og 17.11.2022
- Grunnopplæring i kvalifiseringsprogrammet 31.01.2022, 08.04.2022, 26.08.2022 og 31.10.2022

Tilskotsforvaltning

- Utvikling av dei sosiale tenestene
- Oppfølging av tiltak/prosjekt
- Teams-samlingar for prosjekt vår: – invitasjon sendes til dei kontor som deltek i utvikling av dei sosiale tenestene
- Fysisk samling i Bergen for prosjekta og deira næraste leiar 29.09.2022

Ny i Nav

- 14.02.2022
- Dato for hausten kjem

Opplæring i sosialtenestelova

- Barneperspektivet i Nav – erfaringar frå praksisfeltet 24.02.2022
- Fagdagar for dei sosiale tenestene i Bergen 05.-06.10.2022 (program kjem)
- Oppslag på Statsforvaltarens nettsider fortløpande

Fagsnutt

- Tema oppvekstreforma 02.02.2022
- Tema kvalifiseringsprogrammet, brukarmedverknad og individuell plan 31.08.2022
- Fagsnutt med variert tema for alle i Nav kvar onsdag

Økonomisk rådgjeving

- Grunnkurs 18.05.2022-19.05.2022 og 23.05.2022-24.05.2022
- Vidaregåande kurs 19.10.2022-21.10.2022 og 05.12.2022-07.12.2022
- Ekspertkurs 10.02.2022, 05.05.2022, 07.09.2022 og 15.12.2022
- Samling nettverk 15.02.2022 på teams, 26.04.2022 fysisk samling i Bergen, 14.09.2022 på teams og 13.12.2022 (fysisk samling)

Kompetansesatsinga på dei sosiale tenestene

- Uttesting i ulike kommunar gjennom året
- Ta gjerne kontakt med Cecilie Jantzen viss de er interessert i å vere med på uttesting eller ønskjer meir informasjon. Kontaktinformasjon er nedst på sida

Navs arbeid med barn og unge

- Tverrfagleg samling på leiarnivå i Bergen 08.03.2022
- Tverrfagleg samling på leiarnivå i Førde 26.04.2022
- Tverrfagleg samling på leiarnivå til hausten, meir informasjon kjem
- Digital samling for alle som treffer barn, unge og foreldre i sitt arbeid 24.03.2022

Samhandling og informasjonsutveksling

- Nav-leiarsamling 08.-09.06.2022 og 30.11-01.12.2022
- Dialogmøte region Bergen 22.04.2022 (fleire kjem)
- Møte/kontakt mellom Nav Vestland og Statsforvaltaren kvar månad
- Samarbeid mellom Nav, HVL, UIB og Statsforvaltaren
- Workshop om kunnskaps- og tenesteutvikling i Nav ved Høgskulen i Vestland 02.12.2022
- Statusmøte med Arbeids- og velferdsdirektoratet
- Deltaking på Nav-leiar forum 23.02.2022

*Vi tek atterhald om endringar i kompetanseplanen

Innspel til kompetanseplan?

Kontakt:

Marianne Bjørkly, Nav Vestland: Marianne.Clauda.Bjorkly@nav.no

Linda Kråkenes, Statsforvaltaren i Vestland: Fmholik@statsforvalteren.no

Cecilie Jantzen, Statsforvaltaren i Vestland: Cejan@statsforvalteren.no